

RADØY KOMMUNE  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Dato: 18.06.2018  
Vår ref.: 2014/166-38  
Saksbehandlar: jonsmor  
Dykkar ref.:

Att. Arthur Kleiveland

## Svar på uttale til Kontaktutvalet for Nordhordlandspakken

Vi viser til brev datert 02.05.2018 der det er lagt ved uttale frå Radøy kommunestyre til Kontaktutvalet for Nordhordlandspakken. Uttalen er vurdert av Kontaktutvalet og vi vil med dette gje tilbakemelding på innspela.

Kontaktutvalet har gjort ei prinsipiell tilnærming til handtering av kostnadsoverskriddingar i dei ulike prosjekta, slik som kommunestyret har bedt om i punkt 5. Utgangspunktet for Nordhordlandspakken er at prosjekta skal prioriterast etter rekkefølga i Prop. 164 S. Ved økonomiske overskriddingar i dei enkelte prosjekta må kontaktutvalet vurdere mulige kutt-tiltak for det aktuelle prosjektet. Dette for å sikre gjennomføring av mest mogleg av dei prioriterte prosjekta i Nordhordlandspakken.

I vurderinga av kutt-tiltak vert det lagt vekt på målsettingane til prosjektet, slik at føremålet med prosjektet vert ivareteke så langt det lar seg gjere.

Kontaktutvalet ser for seg følgjande moment skal vurderast ved kostnadsoverskriddingar:

1. Standardval
  - Vurdere dimensjoneringsklasse, juster linje/geometri
  - Byggje fortau i staden for gang- og sykkelveg
  - Redusert funksjonalitet
2. Justere omfang på det enkelte prosjektet (lengde)
  - Opsjon
  - Må sjå i samheng med trafikkbilde på den aktuelle staden
3. Kutte i dei lavast prioriterte prosjekta
  - For prosjekta ligg det ulike føringar for kvifor dei skal gjennomførast. Dette må takast omsyn til når en vurderer kutt i prosjektet, og må diskuterast i ein tidlig fase.

Kontaktutvalet har også bestemt at ein skal ta omsyn til den totale fordelinga av midlar mellom kommunane, slik at det ikkje vert ei skeivfordeling i forhold til utgangspunktet i Prop. 164 S.

Anslaget som er gjort på strekninga fv.565 Marås – Soltveit ligg langt over kostnadsramma og kontaktutvalet har derfor avgjort at ein skal kutte gang- og sykkelveg langs strekninga. I staden vil vi utføre nokre trafikksikringstiltak på gamlevegen slik at den vert tryggare for dei mjuke trafikantane. Kommunestyret har peika på at tilkomst for grunneigarane til areal langs den nye vegen må sikrast og dette vert ivarettatt.

Kontaktutvalet har som utgangspunkt avgjort å kutte på lengda på vegen ved å ikkje byggje strekninga Mårås – Snekkevika, men det er lagt inn ein opsjon på strekninga. Vi er godt kjent med at det er eit stort behov for ny veg på denne strekninga, men vi må ta omsyn til den totale fordelinga av midlar til ulike prosjekt ut frå ei prinsipiell tilnærming skissert innleiingsvis. Kontaktutvalet ventar med å konkludere på om ein skal utløyse opsjon til ein får inn tilbod, samt oppdaterte kostnadsoverslag/anslag på andre prosjekt i pakken. Då har ein betre oversikt i totaløkonomien i pakken og eit betre avgjerdsgrunnlag.

Innspelet om å bruke lokal stein i overbygninga er vurdert. Statens vegvesen prosjekterer og dimensjonerer overbygninga ut i frå krav og retningslinjer gitt i handbøkene for å sikre lang levetid og redusere vedlikehaldsbehov i framtida. Det er tatt 5 steinprøver langs linja som viser varierende resultat, og tilrådinga er å nytte andre massar i overbygninga. Dersom entreprenøren under utføringa av prosjektet avklarar at steinmassane oppfyller kvalitetskrava, kan dei etter knusing/behandling av steinmassen bruke den i overbygninga.

Håkon Rasmussen  
leiar

Jon-Rune Smørdal  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Statens vegvesen - Region Vest  
Regionrådet Nordhordland IKS